

Oterholtfoss kraftverk

Tilbakemelding på høyringsuttalar frå utbyggjar Telemark Energi
Produksjon AS

06.07.2026

Bystøl AS/Jens A. Melheim

Innhold:

- 1. Generelt**
- 2. Kommentar til hver høringsuttale**

1. Generelt

Detaljplan for Miljø og Landskap for bygging av Oterholtfoss Kraftverk har vore ute på høyring til Bø Elvepadleklubb, Bø fiskarlag, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Midt-Telemark kommune, DNT Telemark og Telemark fylkeskommune. NVE har mottatt høringsuttalar frå Midt-Telemark kommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Bø Padlegruppe, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Universitetet i Sør-Øst Norge og Telemark fylkeskommune og oversendt disse til utbygger, Telemark Energi Produksjon AS. Høringsuttalane har blitt gjennomgått og kommentert av Bystøl, som tidligere har utarbeida detaljplanen.

2. Kommentar til hver høringsuttale.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
1	Midt-Telemark kommune	1 Opparbeiding av parkeringsplass: - Midt-Telemark kommune ynskjer at riggområdet på sørsida av elva ikkje vert tilbakeført, men vert opparbeida som grusa parkeringsplass til besøkande på Kvennøya og brukarane av turstiane langsmed Bøelva. 2. Atterhald om kommunal handsaming etter PBL - Midt-Telemark kommune tek atterhald om at nokon av tiltaka også skal handsamast etter PBL og at nye moment kan koma fram i denne handsaminga.	Me stadfestar at det har vore fleire møter mellom Telemark Energi Produksjon og Midt Telemark kommune og Bø Museum. Når det gjeld riggområdet på sørsida av elva (riggområde 1) har ein i arbeidsbeskrivelsen til entreprenørar lagt inn opsjon på grusing av parkeringsplass i stadenfor tilbakeføring. Telemark Energi Produksjon vil istandsette dette område i samsvar med krav frå NVE. Telemark Energi Produksjon tek ikkje ansvar for eventuelle krav frå Telemark fylkeskommune (vegmynde) vedrørande permanent auka bruk av avkjørsla frå Oterholtvegen ved Oterholtbrua ved etablering av parkeringsplass. Midt-Telemark kommune gav 3.7.2026 dispensasjon til opprusting av Oterholtfoss kraftverk utan vilkår.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
2	Telemark Fylkeskommune	1. Omsyn til nyare tids kulturmiljø: - Telemark fylkeskommune kjenner ikkje til nyare tids kulturminner som er i konflikt med tiltaka - Ynskjer at nåledam vert bevart. - Oppfordrar til å bruke stein og trematerialer der det er mogeleg. Oppfordrar til at unngå store betongflater og dersom mogeleg forblende desse med stein eller vegetasjon. Unngå skjæringar og fyllingar i landskapet. Omsyn til automatisk freda kulturminne: - Telemark Fylkeskommune kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne innanfor råka området, men minner om meldeplikta etter kulturminnelova §8	- - OK - - Eksisterande nålestengsel er vurdert til å vere i så dårleg stand at det ikkje kan nyttast som trygt flaumvern. For å sikre kontrollert vassføring i Møllebekken vil det bli bygd ein betongvegg ved innløpet med røyr for kontrollert slepp av vatn og sikkert flaumvern. Me er einige i at det ville passa betre inn i kulturmiljøet med ein restaurert nålestengsel, men dette vil krevje vesentleg meir ettersyn og vedlikehald enn valt løysing og er sikkerheitsmessig ikkje uakseptabel løysing. I vedlegg D til NVEs retningslinjer for stenge- og tappeorganer, rør og tverrslagsporter står følgjande: «Stengsler anses uegnet for flomavledning, og tillates ikke, jf. damsikkerhetsforskriften § 5-8. Stengslene har størst anvendelse som provisoriske avstengninger.....» - Det vert synlege betongplater på tetteveggen mot Møllebekken og i dam og inntakskonstruksjonen i sidebekken. Fundamentet til kraftstasjonen blir i stor grad forblenda med stein eller tilbakefylt. Fyllingar i landskapet er unngått ved eksternt deponering av massar. Uteområdet rundt kraftstasjon vil bli heva til litt over flaumnivå. Ved inntaket vil det i eit avgrensa og lite synleg området bli skjeringar på inntil 5 meter der tunnelen er i dag. Skjeringane vil bli lite synlege. - OK. Meldeplikta kjenner me til.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
3	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	1 Løysinga for nedvandring: - Ristvinklinga bør gjerast greia for. Statsforvalteren meiner planlagt løysing kan gje ein hydraulisk blindveg. Føresler alfa-rist eller beta-rist. - Det må dokumenterast at vassfarten vinkelrett på rista er mindre enn 0,5m/s slik at fisk ikkje blir pressa mot rista 2. Elvemusling: - Det er førekomstar av elvemusling nedstraums kraftverket. Førsler at det må setjast krav om kontinuerlig overvaking av turbiditet under anleggsarbeidet i utløpskanalen, med klare biologiske grenseverdier for når arbeidet må stanses.	Prosjektert inntak er ein «lett-versjon» av eit beta-inntak. Etter vårt syn vil ikkje denne løysinga skape hydraulisk blindveg, men tangenten til vassfarten langs rista er svakare enn for ei ekte beta-rist. Me tek innspelet frå Statsforvalteren til etterretning og vinklar dammen 45 grader mot brua slik at utforminga blir tilsvarande som for beta-rist. Revidert inntaksteikning, teikning nr 120 rev A, er lagt ved. Slukevna er 5 m³/s og ristarealet er 25m². Dette gjev ei gjennomsnittleg vassfart på 0,25m/s vinkelrett på rista. Utforminga av inntaket oppstraums og nedstraums rista er slik at nokonlunde uniform vassfart over rista er forventa. Automatisk Grindreinskar vil bli installert slik at rista er rein til ei kvar tid. Arbeid i utløpskanal vil skje tørt. Det vil seie det blir etablert ein liten voll (fangdam) som hindrar Bøelva i å kome inn i kanalen og eksisterande kraftverk blir stoppa under arbeidet. Ved arbeid med Francis-kulpen vert vatn frå eksisterande kraftverk leia forbi byggegrop i røyr og gjennom fangdam. Under bygging og i samband fjerning av fangdammar og flaumvollar kan det ikkje utelukkast at små mengder suspenderte partiklar kjem i elva. Dette er i svært avgrensa periodar og arbeidet vil bli gjort ved låg vassføring. Det vil seie når faren for medrivning er minst. Som beskrive i detaljplanen vil naturlege massar bli nytta til fangdammar og flaumvollar. Kontinuerleg overvaking av turbiditet meiner vi er unødvendig så lenge det ikkje føregår arbeid i vatn eller kontinuerleg slepp av anleggsvatn. Dokumentasjon av

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		3. Dispensasjon etter vannressurslova §11 Statsforvaltaren vurderer inngrepa i kanalen til ikke å utgjøre eit brudd på vannressursloven § 11, da tiltaket faller direkte inn under lovens egne unntaksbestemmelser.	turbiditet ved kritiske operasjonar med handholdt målar vil bli utført. Arbeidet vert stoppa ved tydeleg blakking av elva og tiltak sett i verk før arbeidet vert starta opp att. Aktuelle tiltak er bruk av slitgardin og redusert arbeidstempo. Dette er i samsvar med vår vurdering.
4	Bø Padlegruppa	1. Uklarheit rundt minstevassføring Etterspør tydleg utgreiing av fordeling mellom hovudløp og sideløp under ulike driftsforhold.	Minstevassføringa vert indirekte målt ved at måle vasstanden oppstraums finrista i inntaket. Basert på denne målinga vert minstevassføringane rekna ut. Ved igangkøyring av kraftverket vil sleppet bli dokumentert ved fortynningsmetoden. Dette er ein vanleg metode i tilfelle der det ikkje er konsentrert slepp gjennom eit røyr eller målekum. I vedlegg 1 er det tabulert vassføring i hovudelv, kraftverk og sideelv ved ulike elvevassføringar.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		2. Utforminga av terskel må stetta padlarane sitt behov for å benytte heile elvas breidde og at «beste praksis» vert dokumentert spesifikt for tverrsnittet og at det vert stilt krav om uavhengig hydraulisk risikoanalyse. 3. Meiner kunnskapsgrunnlaget er utdatert for å tillata å redusere vassføringa i eit aktivitetsområdet.	Det er valgt å sleppe minstevassføring der dagens terskel har lågast overløp. Ved å senke terskelen her vil maksimal terskelhøgde vere under 40cm i heile elvebreidda. Gjennomsnittthøgda er ca 20cm. Terskelen vert 40cm brei og avrunda i toppen. Vi vurderer at terskelen er så låg at det ikkje er sannsynleg for at ei farleg retensjonsvalse oppstår. Årsaka er at storleiken på ei valsa, kvervelstrukturen, er i området 10-30cm, som er betydeleg mindre enn ein elvekajakk. Rådgjevar vil presisere at han har hovudoppgåve i turbulensmodellar for grensesjikt og har studert slike kvervelstrukturar. Ved dei fleste vassføringar vil terskelen opplevast som eit grunt stryk. For å kunne passere terskelen fleire stader også ved låge vassføringar, er det lagt inn eit 2meter breitt spor også på sørsida. Midt i elva er det ei naturleg forhøgning. Dette er ei opprusting og slukeevne til kraftverket og vassuttaket vert ikkje auka. Dagens totale sleppet av minstevatn vil bli vidareført, men ved låge vassføringar vil meir vatn bli sleppt i sideløpet enn i dag av omsyn til nedvandring av fisk og då spesielt ål.
5	Universitetet i Sørøst-Norge	1. Minstevassføring Stiller seg spørjande korleis vassføringa vert sleppt, om det vert teke omsyn til 95-persentilen og viser til tidlegare handsaming av konsesjonssøknad for større utbygging. Då vart 3m³/s vurdert som for lite til å ivareta omsyn til miljø og allmenne interesser.	Det framgår av detaljplanen korleis minstevassføringa er planlagt sleppet. Som nemt under merknaden til Bø Padlegruppe blir vassføringa rekna ut med utgangspunkt i vasstandsmålingar. Detaljplanen for opprusting baserer seg på gjeldande konsesjon og storleiken på minstevassføringa er ikkje eit tema i detaljplanen. Her har de vore ei misforståing frå rådgjevar/utbyggingar vedrørande kva dokument som gjeld. Minstevassføringa vert 2,0m³/s som beskrive i førespurnad om konsesjonspliktvrdering (06.07.2023) og stadfesta av NVE i brev datert 16.12.2025.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		2. Opplevelse av området. Påpeikar inkonsekvent frå utbygger når det gjeld opplevinga av Oterholtfossen. Her står det at planlagt slepp av minstevassføring vil opplevast som liten. I tidlegare tilbakemelding på høyringsinnspel står det at «planlagt utbygging ikkje vil redusere opplevelsene» 3. Antall dagar med minstevannføring Meiner det er lite representativt å nytte eit normalt år og meiner eit meir nyanisert perspektiv er nødvendig for å vurdere konsekvensene for friluftsliv i området.	Me meiner at teksten står seg. Vassføringa vil opplevast som lita, som er ei vidareføring av dagens vassføring i Oterholtfossen. Sidan det ikkje er snakk om nokon endring, blir det heller ingen reduksjon i opplevinga. Det er vanleg praksis å vurdere konsekvensar for endra vassføring i typiske normale år, våte år og tørre år. Ved ein søknad om redusert minstevassføring ville konsekvensane vore nøyare utgreidd. Utgangspunktet her er frivillig slepp av minstevassføring sidan konsesjonen ikkje set krav. I ettertid at NVE presisert at vedtaket datert 16.12.2025 gjeld for minstevassføring. Her var slepp av 2,0m³/s heile året beskrive og det vil utbygger forholde seg til.
6	Naturvernforbundet i Midt-Telemark	1. Tiltaket må vurderast etter dagens miljølovverk Naturvernforbundet meiner at vurderinga ikkje kan avgrensast til konsesjonen frå 1931, men også må omfatte krav etter naturmangfaldlova, vassressurslova og vassforskrifta. 2. Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt Dei meiner at dagens dokumentasjon om naturtypar, vassmiljø, fisk og andre ferskvassorganismar er for svak til å kunne gi eit godt beslutningsgrunnlag, og at nye kartleggingar bør gjennomførast. 3. Redusert minstevassføring kan gi negative miljøkonsekvensar Forslaget om å redusere minste driftsvassføring frå 2 m³/s til	Byggherre er enig i at opprustinga må ta omsyn til Naturmangfaldslova og vassforskrifta. Dette er gjort ved å leggje til rette for nedvandrande fisk og spesielt ål og hindre at fisk kjem inn i turbinen. I tillegg er det lagt opp til minst mogeleg inngrep i kantvegetasjon og at anleggsarbeidet ikkje skal påverke vassdraget i nemneverdig negativ grad med tanke på tilslamming og anna ureining. Sjølve vassuttaket har ein løyve til etter vassdragsreguleringslova. Dette kunnskapsgrunnlaget er relevant ved ei ny konsesjon eller eventuell endring i konsesjonsvilkåra. Når det gjeld opprusting / vedlikehald, lyt ein forholde seg til gjeldande konsesjon. Byggherre vil trekke tilbake den omsøkte endringa i slepp av minstevassføring. Det vil bli sleppt 2,0m³/s heile året.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		1,5m³/s blir framheva som den viktigaste miljøutfordringa. Dei peikar på mogelege konsekvensar for vassmiljø, fossesprøytsoner, elvemusling og andre artar, særleg i tørre periodar og under framtidige klimaendringar. 4. Miljøomsyn i anleggsfasen må styrkast Det blir etterlyst betre dokumentasjon av korleis anleggsmassar skal handterast og sikrast, slik at ein unngår avrenning til Skvidsla, bekkekløfta og Bøelva. Det blir også peikt på at området omfattar ein naturtype med regional verdi 5. Meir fokus på fisk og vandringsvegar Naturvernforbundet er positive til tiltak for nedvandrande fisk, men meiner at oppvandring for laks og ål også burde vurderast. Dei ønskjer ei vurdering av om tidlegare vandringsvegar kan reetablerast, og etterlyser betre kunnskap om fiskebestandane i vassdraget.	Det er ikkje planlagt lagring av massar nær sideløpet, Skvidsla. Overskottmassar vert deponert på det nedlagt grustaket aust for telthusflate, sjå side 15 og 16 i detaljplanen for miljø og landskap. Naturtypen bekkekløft og andre viktig naturområde vert unngått i anleggsperioden. Detaljplanen er ei plan for korleis tiltaket skal utformast og arbeidet utførast med utgangspunkt i gjeldande konsesjon. Nye utgreiinga og tekniske arrangement er som regel ikkje ein del av detaljplanen. Sidan det ikkje er krav om tilrettelegging for oppvandring, er ikkje tiltak for oppvandring prosjektert.